



Vil han og kona Anja få Kulturlandskapsprisen?

**Kommunen ved ordfører Synnøve Solbakken har no sendt forslag til fylkesmannen om at Anja Strüter og Ole Kristoffer Vågen på Skorpo skal få Kulturlandskapsprisen for dette året.**

**Dei driv garden saman og ordføreren strekar under at dei gjer eit stort arbeid med å ta vare på lokale ressursar og kystkultur. Dei har 2 gutar på 9 og 11 år og Anja har det daglege ansvar for å skyssa dei med båten til og frå skulen i Uskedalen. Nyleg har dei fått løyve til å dyrka eit mindre areal og arbeider difor aktivt med å auka forgrunnlaget på eigen grunn.**



Anja kjem med mjølkjetanken til Sandakaien

Garden har 15 dekar fulldyrka og 9 dekar innmarksbeite.

I tillegg haustar dei for naboar og driv jord på naboøyar- Dei har også beitedyr på desse eigedomane. All transport mellom øyar og til og frå fastlandet skjer med eigen båt og tilsaman driv dei no over 100 dekar jordbruksjord. På garden er det også gamle frukttrær som dei arbeidar aktivt for å ta vare på. Hovudproduksjonen er mjølk basert på 7 kyr, 2 vestlandsk fjordfe og 5 jerseykyr. Fram til 2010 produserte dei smør for sal men nye ordningar gjorde at dei måtte gå over til ordinær mjølkeproduksjon. Det skjer med transport av mjølketanken over sundet. No har dei planar om å starte osteproduksjon og det er ved hjelp av Innovasjon Norge bygd produksjonslokale. Paret driv med utprøving og prøveproduksjon og får vellæta frå dei som har fått smaka, skriv ordføraren.

Ole Kristoffer har vore på ystekurs i Aurland og fått til eit godt samarbeid med Ostegarden på Krokeide.

Ordføraren nemner og den store verkstaden for båtar som Ole Kristoffer har bygd opp og at garden er ein sosial møteplass, til dømes for besøk av treskuta Matilde.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Ola Matti Mathisen



Garden ligg til høgre på dette flyfotoet